

Protokoll - Årsmøte i Fosnavåg Shippingklubb

Årsmøtet vart halde 11.11.2013 kl. 18.00 i Skipsregnskap's lokaler i Fosnavåg.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Enstemmig godkjent.

2. Registrering av frammøtte

Til stede var 20 registrerte medlemmer, representert av totalt 38 frammøtte.

3. Fastsetting av Årsmelding og Årsregnskap 2012

Forslag til Årsmelding og Årsregnskap 2012 vart presentert. Årets resultat kr. 32 414,- vart foreslått overført til annan egenkapital.

Vedtak: Enstemmig godkjent.

4. Fastsetting av medlemskontingent

Styret foreslår å holde medlemskontingenten uendret.

Vedtak: Enstemmig godkjent.

5. Forslag om endring av vedtektene's §1, 2. setning fra;

Klubben er oppretta 4. september 2006 som ein del av Herøy Næringsforum.

Til;

Klubben er oppretta 4. september 2006.

samt vedtektenes § 3, 2. setning fra;

Årsmøtet skal haldast seinast 1. mai kvart år og skal kunngjerast seinast 7 dagar før møtet.

Til;


Årsmøtet skal haldast seinast 30. juni kvart år og skal kunngjerast seinast 7 dagar før møtet.

Etter litt diskusjoner vart vedtaket som følger;

Vedtak: Årsmøtet skal haldast seinast 30. juni kvart år og skal innkallast seinast 7 dagar før møtet.

Det forelåg ingen fleire saker til behandling og årsmøtet vart avslutta kl. 19.00.

Fosnavåg, 11.11.2013


Møteleder Olav Remøy


Referent Hallvar Ulfstein

VEDTEKTER

for foreininga "Fosnavåg Shippingklubb"

endret på årsmøtet 11.11.2013.

§ 1

Foreininga sitt namn er Fosnavåg Shippingklubb, med underteksta: "- all maritim verksemd". Klubben er oppretta 4. september 2006.

Sete for foreininga Fosnavåg Shippingklubb er Fosnavåg i Herøy kommune.

§ 2

Foreininga sitt føremål er:

1. Fremje Fosnavåg som ein internasjonal, leiande maritim by.
2. Sikre ei positiv utvikling av den maritime næringa i Herøy.
3. Sosial treffplass, og dermed verke «inkluderande» for dei maritime aktørene.
4. Fremje sunn konkurranse mellom medlemene, når konkurranse er det rette.
5. Sikre eit godt samarbeid, når samarbeid er det rette.

§ 3

Årsmøtet er foreininga sitt høgste organ og styret representerer foreininga utad.

Årsmøtet skal haldast seinast 30. juni kvart år og skal innkallast seinast 7 dagar før møtet.

Presidenten kallar inn til årsmøte. Rett til å møte på årsmøte har alle registrerte medlemmar.

Styret skal :

- Gi innstilling om godkjenninga av rekneskap og årsmelding.
- Styret skal godkjenne medlemskap.
- Fastsette medlemskontingent.
- Gi innstilling til eventuelle vedtektsendringar til årsmøtet.

§ 4

Foreininga skal vere leia av eit styre på 6 – 8 personar der fylgjande verksemdar og bransjar skal vere representerte:

Medlemmer i styret:

Varamedlemmer

Frå næringslivet:

6 – 8 representantar

Kvar av dei følgjande næringane skal ha ein styrerepresentant

6 – 8 personlege vararepresentantar

Vararepresentantane skal kome frå dei same næringane

- 2 offshore
- 2 fiskeri
- 1 bank
- 1 kystvakt
- 1 serviceindustri
- 1 utstyrsindustri

Foreininga Fosnavåg Shippingklubb skal ha ei valnemnd på 3 medlemmer, valt av årsmøtet. Årsmøtet vel President.

Styremedlemmane blir valde for 2 år, men ved førstegangs val blir halve styret valde for 1 år.

Herøy kommune ved ordførar skal ha tilsendt innkalling / sakliste og har sjølve eller ved stadfortredar møte- og talerett.

§5

Foreininga sitt firma vert teikna av Presidenten saman med forretningsførar eller eit styremedlem.

§6

Fosnavåg Shippingklubb sine utgifter vert dekte av:

- Deltakande verksemdar, sal av tenester, andre inntekter.